



I ettermiddag gjekk Åshild Sjøwall, som er 75 år' 5 kilometer på 46 minuttar medan kravet var 59 minuttar. Dermed innfridde ho kravet til idrettsmerket for gong nummer 53 og det må kallast ein utruleg prestasjon. Åshild starta idrettsmerkeplukkinga då ho budde i Matre på 1960-talet og sidan har ho nesten ikkje skulka.

- Eg har fått alle utmerkingar som er å få og no får eg berre diplom og eit merke, fortalde Åshild etter målpasseringa for uthaldenheitsprøva.

Ho gjekk saman med Aslaug Lyse som ikkje er langt etter med sine 45 merker og Vivik Rimestad som no tok merke nummer 32, Men så er dei da også berre 67 og 61 år gamle.

Idrettsmerkesjef Åshild gler seg også over at 13 truleg vil ta idrettsmerket i år og det er ein auke frå i fjor då det stoppa på 9. Førebels har 12 innfridd krava. Åshild presiserer at hvis ein satsar på fjelltur er det ikkje nok med ein tur til Mannsvatnet - ein må gå dit tre gonger!

På biletet går trioan i mål ved brua.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen